

Melding frå kontrollnemnda til årsmøtet 4. mai 2026

Oppgåva vår er å kontrollera og sjå til at det som fylkesstyret og fylkeslaget gjer, samsvarar med vedtektene, instruksane og gjeldande vedtak.

Nemnda skal òg sjå til at fylkesstyret fylgjer arbeidsplanen og budsjettet. Av rekneskapen skal nemnda òg finna ut om løyvingar og overføringar av pengar er i samsvar med vedtaka.

Nemnda har hatt to fysiske møte, eitt av dei saman med fylkesstyret, og det har elles vore kontakt på e-post.

Fylkestyret har hatt høg og jamn aktivitet gjennom heile arbeidsåret.

So langt kontrollnemnda kan sjå, gjer fylkesstyret løyvingstaka sine i samsvar med arbeidsplanen.

Utdelingsaksjonar i samband med valkampen og medlemsrekruttering har vore høgt prioriterte område for fylkesstyret. Dette er svært positivt.

Merknader:

- Mykje av aktiviteten går no føre seg i arbeidsgrupper. Fylkesstyret bør vurderer å regulera denne aktiviteten tydelegare gjennom vedtektene.
- Oppmøtet på fylkesstyret er varierande, men styret har vore vedtaksført på kvart møte.
- Arbeidsplanen er svært omfangsrik og ambisiøs. Færre tiltak og klårare prioritering hadde vore føremålstenleg.

Oslo, 25. mars 2026

Tanja Bjarkøy

Svein Sundsbø

Håvard Tangen